

januar 2016




## Rapport frå nasjonalt nettverk for samhandlingsreforma

Det nasjonale nettverket for implementering av samhandlingsreforma leverte sin [sluttraport](#) i desember 2015. Nettverket er no avvikla.

Det blir gitt ei rekke råd for vegen vidare i samhandlingsreforma, m.a.:

- Kommunar må sikrast tilgang til spesialisthelsetenesta sin kunnskap innen førebygging og folkehelse.
- Spesialisthelsetenesta må samarbeide tettare med kommunane om desentraliserte og ambulante tenester som støtter opp under kommunale tenester.
- Allmennlegetenester og akutttilbud i kommunene må integrerast i pasientforløpa.
- Kommunar og spesialisthelsetenesta bør samarbeide om brukar-medverknad.
- Kommunane bør etablere overordna strukturar som gjer det mogeleg for den enkelte kommunen å ta ansvar for forsking.
- Utdanningssektoren må i dialog med kommunane og spesialisthelsetenesta sikre at innhaldet i grunn- og vidareutdanningane er i tråd med praksisfeltet sitt behov.



## Akuttutvalet sin rapport

Det nedsette akuttutvalet la fram sin [rapport](#) i desember 2015.

Utvalet viser til utviklinga med funksjonsendring og differensiering av akutttilboden ved små og store sjukehus og ei samtidig sentralisering av tenester i kommune- og spesialisthelsetenesta. Det blir konstatert utfordringar med tilgang til dei akuttmedisinske tenestene i ein del av dei minst sentrale områda i landet. Utvalet tilrår m.a. følgjande:

- Lovfesta plikt til felles akuttmedisinske planar for kommunar og helseføretak.
- Program for livslang læring for alle i høve til førstehjelp og akutttenester.
- Mobilisering av fleire kommunale ressursar og frivillige organisasjonar i akuttberedskapen.
- Styrking av naudmeldetenesta og ambulansetenesta, m.a. gjennom kompetanseheving.
- Ved akutte hendingar må det i større grad skje at lege rykker ut.
- Innføring av samanhengande elektronisk dokumentasjonssystem for dei prehospitalte tenestene, sikring av datagrunnlag og tilrettelegging for analysearbeid, forsking og utviklingsarbeid.
- Dokumentasjon og tilgjengeleggjering av responstider som ein del av datagrunnlaget. Det er ikkje tilrådd lovfesta responstider.



## Sluttraport frå fylkesmannsembata i vest


Det er utarbeidd ein [rapport](#) som bygger på fylkesmannen sitt arbeid med samhandlingsreforma i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane i perioden 2012 -2015. Rapporten oppsummerer erfaringar og nokre råd til vegen vidare for å oppnå intensjonane med reforma.

## Endringar i helseforvaltninga frå 01.01.16

Frå januar 2016 er det gjort ein del endringar i den sentrale helseforvaltninga. Den nye organiseringa reindyrker Helsedirektoratet si rolle som fag- og myndighetsorgan og Folkehelseinstituttet si rolle som kunnskapsleverandør (ikkje berre innan folkehelse). Helsedirektoratet får også eit meir heilskapleg ansvar for nasjonal beredskap. Det er oppretta to nye etatar: Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten og Direktoratet for e-helse. Les meir på [regjeringen.no](#).

## SAMDATA-statistikk

Det er no mogeleg å hente ut SAMDATA-statistikk og lage eigne rapportar på [Helsedirektoratet si nettside](#). Statistikken gjeld spesialisthelsetenesta, men kan vere av interesse også for andre.



## Beredskap i høve til flyktningssituasjonen



Det vart hausten 2015 etablert eit koordinerande og rådgjevande utval for flyktning- og asylantspørsmål i Helse Førde.

Utvalet har desse oppgåvene:

- Følgje utviklinga på området og ta imot førespurnader frå eksterne partar og svare ut desse
- Ha kontakt med UDI, fylkesmannen og kommunar/kommunehelsetenesta, evt. også utforme framlegg til samarbeidsavtalar
- Stå for rapportering til eksterne instansar
- Skaffe oversikt over behov for tenester og kommunisere dette
- Kome med framlegg til organisering av naudsynle tolketenester
- Gi råd og bidra til koordinering i høve screening og smittevern
- Fungere som kontaktpunkt for avdelingar som søker råd knytt til handtering av flyktningar/asylantar
- Syte for intern og ekstern informasjon/kommunikasjon

Utvalet skal også koordinere førespurnader om hjelp frå eksterne etatatar/organisasjonar, herunder kommunehelsetenesta. Beredskapssjef Terje Olav Øyen er leiar av utvalet. Førespurnader til Helse Førde som vedkjem flyktningspørsmål skal gå til kontaktpunktet, som er utvalet sin sekretær Gitta Sas - [flyktning@helse-forde.no](mailto:flyktning@helse-forde.no), tlf 57 83 90 00.

## Nyoppnemning av samhandlingsorgan

Koordineringsrådet, fagrådet og avtaleutvalet har gått inn i ein ny torsperiode med nyeoppnemnde medlemmar. Eit oversyn over samansettninga av desse organa no finst på Helse Førde sine [samhandlings-sider](#).

## Temadag om telemedisin og velferdsteknologi



Helse Førde og Høgskulen i Sogn og Fjordane arrangerer [temadag om telemedisin og velferdsteknologi](#) den 13.01.16, i auditoriet ved Førde sentralsjukehus. Målgruppa er studentar og tilsette ved høgskulen (avdeling for helsefag og ingeniørutdanninga), tilsette i helse- og omsorgstenesta i kommunane, tilsette i Helse Førde, brukarorganisasjonar og -utval, frivillige organisasjonar og andre interesserte. Det vil vere høve til på melde seg på heilt fram til den 13.01. Det er mogeleg å vere med via video.

## Seminar om migrasjonshelse

Lærings- og meistringssenteret i Helse Førde i samarbeid med Røde Kors Haugland Rehabiliterings-senter og United World College (UWC) arrangerer 26.-27.01.16 [seminar om migrasjonshelse](#). Seminaret er for alle interesserte. Påmeldingsfrist er 15.01.16.

## Aktuelle møte og konferansar elles

[Brukarutvalet](#) har sitt neste møte den 22.01.16. Det er møte i [koordineringsrådet](#) den 03.02.16. Så er det tid for møte i forum for helse, omsorg og folkehelse den 10.02.16.

For samhandlingskonferansen den 05.-06.04.16 er ei av overskriftene «Sogn og Fjordane inn i framtida». Å få grep om folkehelsearbeidet, finne nye løysingar og metodar og realisere «pasientens helseteneste» står sentralt. Målgruppa spenner frå leiarar på overordna politisk/administrativt nivå til fagleiarar og personale på utøvande tenestenivå, dvs alle interesserte. Program og invitasjon til konferansen kjem innan høvesvis kort tid, men sett av dagane tydeleg i kalendaten no.

Godt nytt år!